

MÅNEDSBREV MARS 2020 – ULVEHIET

Februar

Februar har vore ein god månad på Ulvehiet. Eit av høgdepunkta var Karneval, med mange kreative og flotte kostymer. Dette var ein god dag for barna, med mykje leik og musikk.

Som vanleg har me vore mykje på tur. «Uglå» kom også med fleire brev, og barna har gjennom desse breva til dømes blitt utfordra på å male på steinar. Dei har også vore med på å finne trestubbar til å lage sitjeplasser ved «uglepllassen». Siste turen i Februar månad gjekk til Gymsalen. Dette er tur nr. 6 til Gymsalen sidan oppstart i fjor, og me ser at barna har utvikla seg mykje.

Mars

Det nærmar seg slutten på svømmetilbodet. Etter det vil me dra i gong eit nytt tema på Ulvehiet.

Oppstart på temaet skjer 16. Mars, og me gler oss til å ta med barn og vaksne inn i Kardemommeby. Dette vil me halde på med i tre veker, og eventuelt utover det også viss barna ynskjer det.

I tillegg til dette nye temaet, vil me fortsette å fokus på å vera naturvakter, og å gå på tur. Det kjem til å koma fleire brev frå «uglå».

10. Mars er det barnehagedagen. Denne dagen får me besøk av 1. klasse. Det vert opplegg rundt inne i barnehagen.

20. Mars reiser Løvegruppa til Kulturskulen.

Det er litt sjukdom hjå personalet om dagane, og difor er Ruben satt inn som vikar 100% på Ulvehiet dei fyrste to vekene i Mars. Han har allereie vore med oss mange dagar, og byrjar å bli godt kjent på avdelinga.

Viktig å hugse på:

- Det vert ikkje svømming 16. Mars. Det er ein feil i oversikten. Siste svømming er 9. Mars.
- Hugs å levere inn ferielappen til påske! Frist er 18. Mars!
- Fortsatt viktig med tilgjengeleg ullundertøy. Sjekk ofte!
- Hugs å ta med låneklaer tilbake til barnehagen!
- Minner om å merke alle klede og leiker med tusj.
- Sei frå om barnet tek fri eller må vera heime. Det held med SMS.

Ulvehiet – TLF: 40 44 49 51

Kurt, Heidi, Bjørg Reidun, Marianne og Anita